



Ingunn Sæverud Jensen, Lars Martin Teigen og Wanda Eliassen Medhus leiar gruppa for pårørande og tek mot påmeldingar

2. mars vert det halde oppstartmøte i Gamleskolen i pårørandekurset som skal haldast denne vinteren. Målgruppa er unge frå 10 til 18 år som har alvorleg sjuke i familien eller som har mista nære medlemmer av familien.

Hovudbasen for kurset vert Gamleskolen, men det er mogeleg det vert kurskveldar også andre stader, avhengig av oppslutnaden får uskedalen.no opplyst

Det er organisert eit samarbeid mellom kommunen og frivillige og midlar frå Kreftforeningen og gåver dekkjer finansieringa.

Gruppa skal samlast tredjekvar måndagskveld i 2 timar. Kvar og ein bestemmer kor mykje dei vil dela med andre av informasjon. Opplegget vert tilpassa kva alder deltakarane har når påmeldingane er klåre. Det føreligg allereie påmeldingar. Dei som står bak er overtydde om at det kjem nok deltakarar.

Det har vore slike kurs 3 år tidlegare og det har då delteke mellom 5 og 10. Ifjor vart det ikkje halde kurs, men grunnen var ikkje svak oppslutnad, opplyser psykisk helsearbeidar Ingunn Sæverud Jensen

Hvis det er trist og leit heime kan det vera godt å ha det moro med matlaging og andre aktivitetar, påpeikar trioen som står bak.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Kvinnheringen